


Arbeidsbok

Spor 3 - Nivå 2



SPOR 3

Eit nettbasert
nynorsk læremiddel
for språklege
minoritetar

Innhald

1. Fritid og bibliotek	1
2. Hos legen	7
3. Høgtider.....	12
4. Mattradisjonar.....	18
5. Sunnheit og kosthald	25
6. Arbeidsliv	30
7. Jobb i sikte.....	35
8. Skule og utdanning	40
9. Familie og kvardag.....	46
10. Svalbard og Nord-Noreg	52
11. Sør-Noreg.....	58

1. Fritid og bibliotek

1. Set inn infinitiv med og utan å.

- (å lese) Ali greier _____ norske bøker.
- (å lage) Peter likar _____ mat til familien.
- (å snakke) Anna kan _____ norsk, engelsk, tysk og fransk.
- (å kjøpe) Eg vil _____ ny leilegheit i Bergen.
- (å kjøpe) Mariana likar _____ klede.
- (å lære) Han treng _____ norsk fordi han bur i Noreg.
- (å skrive) Eg må _____ brev til broren min i Pakistan.
- (å jobbe) Pappa begynner _____ på biblioteket i Trondheim.
- (å vise) Du må _____ lånekort når du låner bøker på biblioteket.
- (å danse) Emma likar _____ salsa.
- (å begynne) Ho skal _____ på norskkurs om tre dagar.
- (å spele) Tom har slutta _____ fotball no.
- (å låne) Nina har fått lånekort. No kan ho _____ bøker på biblioteket.

2. Set inn *open/ope* eller *opne*:

Butikken er *open* til klokka halv ni i kveld.

Biblioteket er _____ frå klokka ti til klokka seks kvar dag.

Klasserommet er _____ i pausen. Du kan sitje der og ete.

Vindauget i klasserommet er _____. Det blir kaldt for elevane.

Veska til Eva er _____. Nokon kan ta lommeboka hennar.

Klesbutikkane er ikkje _____ på søndag.

Auga hans er _____, men eg trur at han søv.

3. Preteritum eller perfektum?

- (å gjere) No er klokka fem. Kva _____ du klokka tre i går?
- (å lese) Eg _____ ei engelsk bok sist tysdag.
- (å snakke) Vi _____ med naboen vår for tre minutt sidan.
- (å ete) Eg _____ mykje sjokolade i dag.
- (å vere) Hassan _____ på norskkurs i dag.
- (å gjere) Peter _____ ikkje heimelekser i går.
- (å ha) Mira _____ ikkje jobb i 2004.

4. Set inn rett form av verbet.

Hassan (å bu) _____ i Noreg no. Han (å komme) _____ frå Pakistan. I 2006 (å komme) _____ han til Noreg. Kona hans (å vere) _____ fødd i Noreg. Ho (å bu) _____ i Noreg heile livet, og ho (å snakke) _____ perfekt norsk.

I 2001 (å begynne) _____ ho (å jobbe) _____ som sjukepleiar på eit sjukehus i Oslo. Der (å jobbe) _____ ho no også. Ho (å trivast) _____ på sjukehuset. Hassan vil også gjerne (å jobbe) _____. Men han må (å lære) _____ norsk først. Derfor (å gå) _____ han på norskkurs. Han (å gå) _____ på norskkurs i fire veker, og han (å lære) _____ mykje norsk allereie.

Hassan (å vere) _____ ingeniør. Svigerfaren hans (å ha) _____ ein butikk i Oslo, og Hassan (å jobbe) _____ litt der denne veka. Han (å vere) _____ på norskkurs i tre timar i dag. No er klokka tre, og han (å vere) _____ i butikken og (å jobbe) _____.

5. Set inn liten, lita, lite eller små.

Leilegheita mi er _____.

Barna mine er _____.

Kari åt ei _____ brødskeive og eit _____ eple.

Det bur ein _____ gut i leilegheita i andre etasje.

Læraren min har ei _____ dotter på tre år.

6. Set inn liten, lita, lite eller små. No må du også setje inn ein, ei og eit.

Peter har _____ son.

Lisa kjøpte _____ bil.

Amir åt to _____ egg til frukost.

Ahmed har _____ skjorte.

Liv bakte to _____ brød i går.

Eg har _____ bord heime på kjøkenet mitt.

7. Arbeid saman to og to. Den eine spør, den andre svarar. Du kan også gjere oppgåva åleine. Då må du dekke til høgre side med eit ark, og dra arket nedover for å kontrollere.

mann	ein liten mann
syster	ei lita syster
gutar	små gutar
skule	ein liten skule
ball	ein liten ball
hus	eit lite hus
kopp	ein liten kopp
bok	ei lita bok

8. Adjektiv. Skriv adjektivet i komparativ.

- (kald) Is er kaldare enn vatn.
- (pen) Tom er _____ Christian.
- (lett) Norsk er _____ kinesisk.
- (bra) Eg dansar _____ pappa.
- (flink) Ola er _____ Anna.
- (varm) Kenya er _____ Noreg.
- (ung) Pappa er _____ bestefar.
- (mykje) Tusen kroner er _____ hundre kroner.
- (billig) Cola er _____ vin.
- (dyr) Bilen min er _____ sykkelen min.
- (god) Sjokolade er _____ poteter.
- (høg) Ein mann er _____ eit lite barn.
- (gammal) Bestemor er _____ pappa.
- (stor) Hovudet er _____ øyret.
- (vanskeleg) Matematikk er _____ engelsk.
- (lite) Ei toromsleilegheit er _____ ei fireromsleilegheit.

9. Samanlikn desse personane.

Ung/gammal: (ung – yngre - yngst/gammal – eldre – eldst)

Eva er 14 år, Per er 16 år, David er også 16 år, og Anne er 12 år.

Anne er yngre enn Eva.

Eva er to år _____ Per.

Per er to år _____ Eva.

David er også to år _____ Eva.

Eva er to år _____ David.

Tung/lett: (tung – tyngre – tyngst/lett – lettare - lettast)

Eva veg 55 kg. Lisa veg det same som Eva. Lisa veg 63 kg, og Mette veg 70 kg.

Mette er tyngre enn Eva.

Eva er _____ Mette.

Lisa er _____ Eva.

Mette er _____.

Lisa er 7 kg _____ enn Mette.

Stor/liten: (stor – større – størst/liten – mindre – minst)

Leilegheita til Tom er 45 m², leilegheita til Maria er 55 m², leilegheita til Ola er 75 m², og leilegheita til Peter er 145 m².

Leilegheita til Tom er mindre enn leilegheita til Maria.

Leilegheita til Ola er _____ leilegheita til Tom.

Leilegheita til Tom er 10 kvm _____ enn leilegheita til Maria.

Leilegheita til Tom er _____.

Leilegheita til Peter er _____.

10. Skriv rett ord inn i setningane under. Hugs at du nokre gonger må bøye ordet.

flink til- tørst - flinkare – vise - svolten – kreve - gratis – legitimasjon – å erstatte

Hamid er _____ å gå på ski.

Lillian mista ei bibliotekbok i fjor. Ho måtte _____ henne.

Leo er _____ på skulen enn Anne.

Du kan bruke pass som _____.

Det er _____ å låne videoar på biblioteket.

Elvira vil ha noko å drikke. Ho er _____.

Ali vil ha noko å ete. Han er _____.

Du må _____ lånekortet ditt når du skal låne bøker.

Biblioteket kan _____ eit gebyr viss du leverer boka tilbake for seint.

2. Hos legen

1. Skriv orda som betyr det *motsette*.

gle seg – dårlegast - stå opp - gløyme – kone - miste – til – yngre – lett – gå opp – tidleg – ein annan - mindre – etter – lettare – dyr – frisk

rett	<u>gale</u>	sjuk	_____
billig	_____	før	_____
vanskeleg	_____	finne	_____
tyngre	_____	eldre	_____
grue seg	_____	frå	_____
større	_____	gå ned	_____
hugse	_____	seint	_____
leggje seg	_____	same	_____
best	_____	mann	_____

2. Skriv orda som betyr *det same*.

ha det fint - høg kroppstemperatur – undersøkje – baby – hovudverk – doktor - gje – gale – greitt – treng – svangerskap – kjøpe - sjå etter – riktig

levere	_____	må ha	_____
sjekke	_____	vondt i hovudet	_____
lege	_____	spedbarn	_____
leite	_____	rett	_____
i vegen	_____	feber	_____
ok	_____	trivast	_____
graviditet	_____	handle	_____

3. Skriv ferdig setningane.

- | | |
|---------------------------------|---|
| -når du er sjukemeld. | -når du er forkjøla. |
| -når du er veldig tørst. | -når du har fått resept av legen. |
| -når du hostar mykje. | -når du er sjuk i inntil tre dagar. |
| -når du kjem tilbake på jobben. | -viss du har vore sjuk i meir enn tre dagar |

Du må gå til legen viss du har vore sjuk meir enn tre dagar.

Du må gå på apoteket _____.

Du må drikke vatn _____.

Du hostar _____.

Det gjer vondt i brystet _____.

Du kan levere eigenmelding til arbeidsgjevar _____.

Du må fylle ut eit eigenmeldingsskjema _____.

Du har rett til å få sjukepengar i inntil 52 veker _____.

4. For å. Set strek mellom setningane som passar saman.

- | | |
|-----------------------------|------------------------------------|
| Du må ha lånekort | for å gje ein beskjed til læraren. |
| Du kan gå på norskkurs | for å bruke minibank. |
| Du må kunne norsk | for å lese norske bøker. |
| Du må ha legitimasjon | for å ete god mat. |
| Du må ha bankkort | for å tene pengar. |
| Du kan gå på sal | for å kjøpe leilegheit. |
| Du må ha ein jobb | for å kjøpe billige klede. |
| Du kan gå på kafé | for å få lånekort. |
| Du kan låne pengar i banken | for å låne bøker. |
| Du kan bruke telefonen | for å lære norsk. |